

Søknad

Søknadsnr.	2017-0163	Søknadsår	2017	Arkivsak
Støtteordning	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
Prosjektnavn	Utvikling av Voss Aktivitetspark - gratis og uorganisert aktivitet ved Vangsvatnet, for alle.			

Kort beskrivelse

Me ynskjer å skape ein sentrumsnær aktivitetspark for lokalbefolkninga på Voss. Samstundes som me vil bidra med nyskaping ved å legge til rette for aktivitet som ikkje nødvendigvis fell innunder organisert idrett.

Vårt overordna mål er å bidra til at Voss har Vestlandets beste aktivitetstilbod.

Prosjektbeskrivelse

Voss Kommune utarbeida ein reguleringsplan for strandareal langs Vangsvatnet på Voss (vedtatt i 2012). I denne planen er det avsett plass til friområde/festivalområde, nærmiljøanlegg og idrettsfremål. Voss Freestyleklubb, Voss Brettlag, Voss mtb-klubb og Ekstremспортveko gjekk saman om å stifte foreininga "Voss Aktivitetspark" då dei ynskte å bidra til å utvikle området regulert til nærmiljøanlegg. Styret i foreininga jobbar frivillig med å søke om midlar og å styre prosjektet. Initiativet vart godt tatt i mot av kommunen og prosessen med å få på plass ein detaljreguleringsplan kunne starte som eit samarbeid mellom foreininga og kommunen. Detaljreguleringsplanen vart eit spleiselag kor ein delte kostnadene likt seg imellom. Kommunen engasjerte Østeng og Bergo landskapsarkitektar AS i arbeidet med detaljreguleringsplanen. Planen vart ferdig og det er lagt til rette for ein treningspark, railoppsett, pump track til sparkesykkel og sykkel, tramponlinar, skatebowl og street elementa, bochabane, badeplass og grøntområde.

Partane er einige om at foreininga skal skaffe midlar til aktivitetselementa og kommunen skal stå for tilrettelegging av areal, samt vedlikehald.

Ettersom dette er eit dyrt, stort og tidkrevjande prosjekt ser me at me må ta dei ulike sportane og dei elementa som høyrer med i fleire byggjefasar. Fase ein var ein pump track/sykelbane nedanfor Voss Camping som vart etablert i juni 2016. Bana har fra fyrste dag vert mykje brukt av alle aldersgrupper og visar at det er eit behov for aktivitet i dette området. Fase to, som me no jobbar med, er ein treningspark som skal ligge att med pump tracken. Denne kjem på plass i august i år. Både fase ein og to er fullfinansiert.

For å kunne gå vidare med fasane må ein ha ein forlengta mur på plass og utfylling bak denne. Voss kommune har bevilga 1, 5 millionar kronar til dette. Målet er at dette arbeidet skal vere klart i 2018. Da kan me fortsette med realisering av dei neste byggetrinna som er skatebowl og rullestolrampe ned mot badeplass som er høgast prioritert.

For Voss som reisemål vil ein slik aktivitetspark representere eit nytt og etterlengta tilbod. Voss sentrum treng attraksjonar som gjer at gjennom reisande vel å stoppe i sentrum, og som gjev tilreisande eit lågterskel aktivitetstilbod i sentrum. Ein slik aktivitetspark vil auke attraksjonskrafta til

Voss sentrum, og samsvare godt med visjonen til Voss som reisemål, Voss – bygd for sterke opplevingar. Omdømemessig vil også ein aktivitetspark være positivt, og byggje oppunder Voss sit omdøme som ein frisk, aktiv og inkluderande stad.

Forskning viser at ungdomen vel å forlate organisert idrett. Sjølvorganisert idrett eller livsstilsaktivitetar veks som aldri før. Utøvarane av sjølvorganisert aktivitet tilhøyrar ein global ungdomskultur, dei lærer hjå kvarandre og delar tips og triks. Ved å auke tilgangen til utstyr og anlegg kan ein nå ut til ei stor og spanande målgruppe. Med fleire og fleire som fell i frå organisert idrett, ynskjer me at Aktivitetsparken skal vere med til å bidra til meir aktivitet, som eit ledd til å forbetre folkehelsa. Voss Aktivitetspark ynskjer å gje noko attende til bygda ved å skape eit område som er ope og tilgjengeleg for alle.

Me har eit estimert budsjett på 17 millionar kronar på heile idrett/aktivitetsanlegget og vil søkje om tippemidlar og midlar frå mange ulike organisasjonar gjennom fleire år.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Voss Aktivitetspark Org.nr:937897286	Vangsgata 28 5700 VOSS	41905495
Kontakt- person	Pernille Olafsen Mustad	Vikjavegen 56 5708 VOSS	41905495
Prosjekt- leder	Joar Wæhle	Utsikten 19 5706 VOSS	97517350

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Me har søkt om Liv og Lyst midlar. Me har ikkje fått svar på denne søknaden.

Me har óg fått 400 000 kr av Kraftfondet på Voss

Spesifikasjon

Bakgrunn

Voss Kommune utarbeida ein reguleringsplan for strandareal langs Vangsvatnet på Voss (vedtatt i 2012). I denne planen er det avsett plass til friområde/festivalområde, nærmiljøanlegg og idrettsfremål. Voss Freestyleklubb, Voss Brettlag, Voss mtb-klubb og Ekstremспортveko gjekk saman om å stifte foreininga "Voss Aktivitetspark" då dei ynskte å bidra til å utvikle området regulert til nærmiljøanlegg. Initiativet ble godt tatt i mot av kommunen og prosessen med å få på plass ein detaljreguleringsplan kunne starte som eit samarbeid mellom foreininga og kommunen. Detaljreguleringsplanen vart eit spleiselag kor ein delte kostnadene likt seg imellom. Partane er einige om at foreininga skal skaffe midlar til aktivitetselementa og kommunen skal stå for tilrettelegging av areal, samt vedlikehald. Utan denne einigheten vil prosjektet ikkje vere realiserbart.

Prosjekt mål

Me ynskjer å skape ein sentrumsnær aktivitetspark for lokalbefolkninga på Voss. Samstundes som me vil bidra med nyskaping ved å legge til rette for aktivitet som ikkje nødvendigvis fell innunder organisert idrett.

Vårt overordna mål er å bidra til at Voss har Vestlandets beste aktivitetstilbod.

Til nå har me hatt god progresjon ved å realisere eit byggetrinn kvart år etter at detaljreguleringsplanen kom på plass. Det er fornuftig med trinn for trinn utvikling og det er motiverande for foreininga som jobbar frivillig med prosjektet. Delmålet vårt er å halde denne framdrifta med eit byggetrinn kvart år. Dette engasjerer brukarane, men også sponsorane som ser at me har gjennomføringsevne.

Den neste fasen med mur, utfylling, skatebowl og rullestolrampe vil vere den mest krevjande og for å nå hovedmålet må me ha ressursane på plass.

Forankring

- Foreininga er stifta av 4 idrettslag
- Voss kommune er ein god medspelar
- Me har jobba med prosjektet sidan 2012 og politkarane er engasjerte og støtter prosjektet
- Fleire av bidragsytarane/sponsorane til no har vært med i fleire runder
- God publisitet og mediadekning
- Pump tracken vart svært mykje brukt
- Voss Sentrum og Destinasjon Voss har ytra at dei er særst positive til Aktivitetsparken
- Me har nærmare 800 følgare på Facebooksida våres
- Me opplever at folk er svært positive til arbeidet vårt og at me har mykje 'good will' i bygda

Punkta over meiner me visar at Voss Aktivitetspark har ei god forankring

Prosjektorganisering

Prosjektleiari for Voss Aktivitetspark: Joar Wæhle

Joar jobbar til dagleg som Assisterande daglegleiar i Ekstremsportveko. Han er aktiv i Voss mtb-klubb og er langrennstreinar på fritida

Prosjektmedlem: Torgunn Hegland

Erfaring frå Festival Voss, VM i Freestyle i 2013 og fleire styreverv, blant anna i Voss Vind og Vossabadet

Prosjektmedlem: Pernille O. Mustad

Tidligare tilsett i Ekstremsportveko og jobbar no med aktivitet og arrangement i Myrkdalen Fjellandsby. Aktiv i Voss mtb-klubb

Me tre som jobbar aktivt med Voss Aktivitetspark sitt i styret til foreininga.

Kontaktperson i Voss Kommune: Folkehelsekoordinator Nils Helge Kvamme

Samarbeidspartnere

Voss Kommune:

Plan- og bygningsavdelinga

Innkjøpsansvarleg

Grøn etat

Teknisk etat

Aktiviteter

Aktivitetane som er med i planen er:

- Pump track som kan nyttast av syklar, skateboard og sparkesykkel
- Treningspark. Eit område med apparat der du trenar med di eige kroppsvekt. Denne parken ligg òg nærme Prestegardsmoen som er eit populært område for jogging
- Skatebowl som kan nyttas av skateboardere, inlines/rulleskøyter, sparkesykkel og bmx
- Trampoline
- Rails som kan nyttas av ski- og brettkøyrarar vinter som sommar
- Bochabane
- Badeplass med rullestolrampe ned til vatnet
- Sandvollyballbane
- Amfi med tilrettelegging av utegrilling, konsertar med meir
- Rekreasjon, tilrettelegging av gangveg, sitteplassar og grøntområde

Målgrupper

Parken ligg rett ved Ungdomskulen og Voss Gymnas, samt sentrale idrettsanlegget så alt ligg tilrette for at ungdommen skal nytta parken.

Men sidan parken har ei rekke ulike element og aktiviteter som kan nyttast av fleire aldersgrupper meiner me at alle aldre er i målgruppa for parken.

Resultat

Ettersom Voss Aktivitetspark er eit gratis og opent tilbod for alle kan det vere vanskelig å måle resultatet. Erfaringen frå Pump tracken tilseier at det er eit behov for aktivitet i dette området og me er trygge på at parken vil bli mykje brukt. Eit godt resultat for oss er at folk brukar parken og elementa

Effekter

Effekten av at Voss Aktivitetspark vert bygd og at folk brukar han vil vere:

- Aktivitet fører til at folk kjem i form. Bra for folkehelsa
- Eit sentrumsnært samlingspunkt for alle aldersgrupper, spesielt for ungdommen
- Bygger opp under sentrumsutviklinga på Voss

- Gjere Voss ei interessant destinasjon for besøkande
- Ein møteplass kor ein kan bli kjent med ulike mennesker frå ulike bakgrunn
- Lavterskel for å prøve nye aktivitetar
- Andre arrangement på Voss kan nytte anlegget som arena

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

2017 - Treningspark

2018 - Forlengning av mur og utfylling

2019 - Skatebowl og amfi/ rullestolrampe

2020 - Trampoline, bochabane og rails, samt tilrettelegging av gangveier og grøntareale

Kostnadsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Amfi og rullestolramåde			2 000 000			2 000 000
Skatebowl			5 000 000			5 000 000
Trampoline, rails, bochabane og grøntarealet				6 000 000		6 000 000
Treningspark	1 000 000					1 000 000
Utfylling		3 000 000				3 000 000
Sum kostnad	1 000 000	3 000 000	7 000 000	6 000 000		17 000 000

Treningspark er allerede fullfinansiert med tippemidler og sponsorar

Finansieringsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland	2 000 000					2 000 000
Sponsorar, g�aver og offentlege midlar	700 000	1 500 000	4 500 000	2 700 000		9 400 000
Tippemidler	300 000		1 500 000	300 000		2 100 000
Voss kommune		1 500 000		2 000 000		3 500 000
Sum finansiering	3 000 000	3 000 000	6 000 000	5 000 000		17 000 000

Me har ingen formening om kor mykje Voss kommune vil stille med av midlar i 2020, men reknar me at dei vil bidra med tilrettelegging av grønt areal.

Geografi

1235-Voss

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filst�rrelse	Dato
Pump track - Foto-Erik Østli.jpg	528 196	12.06.2017
Skisseprosjekt med kostnadsoverslag.pdf	6 225 308	12.06.2017
Utbygging, tilsyn og vedlikehald av aktivitetsparken.pdf	517 844	12.06.2017
Vedtak FPL, 10092015, Sak 90_15, Utbygging, tilsyn og vedlikehald av aktivitetsparken.pdf	64 766	12.06.2017